

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

| Utval | Møtedato | Saksnr | Saksbeh. |
|---------------|------------|--------|--------------|
| Formannskapet | 02.12.2014 | 081/14 | Elin A. Moen |
| Kommunestyret | 18.12.2014 | 073/14 | Elin A. Moen |

| | | |
|---------------------------|---------------|----------------------|
| Avgjerd av: Kommunestyret | Arkiv: 026 | Arkivsaknr 11/245 |
|---------------------------|---------------|----------------------|

Kommunereform - prosess og framdrift i Haram kommune

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet vil rå kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Haram kommunestyre vedtek å slutte seg til framdriftsplan for kommunereform i tråd med skisse som framgår i saksutgreiinga frå rådmannen.

Kommunestyret vedtek å følgje «løp2» med lokalt vedtak om ev samanslåing innan 01.07.2016. Haram kommune skal så langt det er mogleg samordne sin tidsplan med aktuelle nabokommunar.

Kommunestyret vedtek å oppnemne formannskapet som styringsgruppe for kommunereformarbeidet. Styringsgruppa skal jamnleg rapportere til kommunestyret.

Rådmannen oppnemner ein kontaktperson for kommunereformarbeidet.

Tilskot på tilsaman kr 300.000,- frå fylkesmannen vert å disponere av styringsgruppa til prosessarbeidet og til gjennomføring av innbyggjarhøyring.

Behandling i Formannskapet den 02.12.2014:

Svein Harsjøen,FRP kom med framlegg om å endre tredje avsnitt slik:

Kommunestyret vedtek å oppnemne formannskapet med tillegg av Venstre som styringsgruppe for kommunereformarbeidet. Styringsgruppa skal jamnleg rapportere til kommunestyret.

Ved røysting vart rådmannen sitt framlegg med endringsframlegget frå S. Harsjøen samrøystes tilrådd.

FS-081/14 Tilråding:

Haram kommunestyre vedtek å slutte seg til framdriftsplan for kommunereform i tråd med skisse som framgår i saksutgreiinga frå rådmannen.

Kommunestyret vedtek å følgje «løp2» med lokalt vedtak om ev samanslåing innan 01.07.2016. Haram kommune skal så langt det er mogleg samordne sin tidsplan med aktuelle nabokommunar.

Kommunestyret vedtek å oppnemne formannskapet med tillegg av Venstre som styringsgruppe for kommunereformarbeidet. Styringsgruppa skal jamnleg rapportere til kommunestyret.

Rådmannen oppnemner ein kontaktperson for kommunereformarbeidet.

Tilskot på tilsaman kr 300.000,- frå fylkesmannen vert å disponere av styringsgruppa til prosessarbeidet og til gjennomføring av innbyggjarhøyring.

Behandling i Kommunestyret den 18.12.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-073/14 Vedtak:

Haram kommunestyre vedtek å slutte seg til framdriftsplan for kommunereform i tråd med skisse som framgår i saksutgreiinga frå rådmannen.

Kommunestyret vedtek å følgje «løp2» med lokalt vedtak om ev samanslåing innan 01.07.2016. Haram kommune skal så langt det er mogleg samordne sin tidsplan med aktuelle nabokommunar.

Kommunestyret vedtek å oppnemne formannskapet med tillegg av Venstre som styringsgruppe for kommunereformarbeidet. Styringsgruppa skal jamnleg rapportere til kommunestyret.

Rådmannen oppnemner ein kontaktperson for kommunereformarbeidet.

Tilskot på tilsaman kr 300.000,- frå fylkesmannen vert å disponere av styringsgruppa til prosessarbeidet og til gjennomføring av innbyggjarhøyring.

Vedlegg:

Forventningsbrev - Kommunereformen i Møre og Romsdal.pdf

Mal for sak om kommunereformen til politisk behandling - 15 10 2014.pdf

Vedlegg 1.docx

Saksutgreiing:

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ein kommunereform i Noreg. Statsråd Sanner har i brev av 26.08.14 invitert alle kommunane til å delta i reformprosessen.

Stortinget sine overordna mål for reformen er:

- *Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane*
- *Heilhetlig og samordna samfunnsutvikling*

- *Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar*
- *Styrke lokaldemokratiet og gi større kommunar fleire oppgåver*

Regjeringa har oppnemnt eit eige ekspertutval i samband med kommunereforma. Dette utvalet vil kome med sin sluttrapport 01.12.14, og her vil det bli gjort ei vurdering om kommunane skal bli tillagt fleire oppgåver. Det vil bli fremma ei eiga stortingsmelding våren 2015 i høve dette.

Det kjem forslag om nytt inntektssystem i kommuneproposisjon lagt fram våren 2016. Inntektssystemet vil etter signal som er gitt, bli lagt om slik at det er med på å understøtte regjeringa si målsetting om større og meir robuste kommunar.

Stortingsbehandling av proposisjoner om ny kommunestruktur og nye oppgåver for kommunane vil skje i juni 2017. Nye kommunar vert gjeldande frå 01.01.2020.

I brev av 15.10.14 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vert det forventet ein prosess framover slik:

1. Utgreiingsplikt – Alle må gå gjennom ein prosess i eigen kommune og diskutere og vurdere alternative samanslåingar.
2. Prosessen skal ha ein god lokal forankring.

Kommunane har to løp for framdrifta:

1. Vedtak om samanslåing med ein eller fleire nabokommunar innan hausten 2015. Ny kommune vil bli då bli gjeldande frå 01.01.2018.
2. Kommunestyret skal gjere vedtak om kven ein ønskjer å slå seg saman med i løpet av våren 2016. Vedtaket skal gå via Fylkesmannen som på sjølvstendig grunnlag skal gjere ei samla vurdering med vektlegging på heilheita i regionane og fylket, og om dei ulike vedtaka er i tråd med hovedpunktene i reformen. Dei nye kommunane blir gjeldande frå 01.01.2020.

Haram kommunestyre skal saman med øvrige kommunar i Møre og Romsdal innan utgangen av 2014 gjere vedtak om korleis ein vil kjøre prosessen i eigen kommune.

Ein bør samkjøre med aktuelle nabokommunar for samanslåing, slik at ein kan ha nokre felles milepæler i prosessplanene.

Kommunen får kr 200.000,- i prosess-støtte frå Fylkesmannen, og må oppnemne ein kontaktperson. Det vil også bli gitt kr 100.000,- til alle kommunar som har tatt med innbyggjarane på høyring.

Bakgrunnsmateriale for det lokale arbeidet med kommunereforma:

Viktige verkty i arbeidet kommunane skal gjere:

www.nykommune.no

Dette er ei nyutvikla nettside som samanstiller nøkkel- og utviklingstal for einskildkommunane og kombinasjonar av kommunar.

Elles finn ein mykje informasjon på sida:

www.kommunereform.no

Her kan ein last ned « veileder for utredning og prosess» - veien mot en ny kommune. Fokus i vegleiaren er spørsmål knytta til dei mål som Stortinget har skissert for reforma.

Sunnmøre Regionråd har fått utarbeida eit felles utfordringsnotat som vert presentert i slutten av november 2014.

Dette notatet kan nyttast i det lokale arbeidet med innhenting av faktagrunnlag og utfordringsbilete for kommunen.

Fylkesmennene vil ha ei sentral rolle i kommunereformprosessen gjennom å vere tilretteleggar og koordinator for reforma i sine fylke. Dei er bedne om å samarbeide med KS om dette. Fylkesmannen tildeler prosesstøtta som er løyvd til reforma, og det er tilsett ein eigen prosessrettleiar for reforma i alle fylke.

Rådmannen har i samråd med arbeidsgruppe oppnemnt av formannskapet (ordførar, varaordførar og Vebjørn Krogsæter) teke eit initiativ overfor rådmennene i kommunane Sandøy, Giske, Ålesund, Sula, Skodje, Ørskog og Vestnes for å sjå om ein kunne samkøyre prosessane i tråd med oppmodinga frå fylkesmannen. Det vart sendt kopi til rådmennene i kommunane Norddal, Stordal, Stranda og Sykkylven.

Dei fleste kommunane har svart positivt på ei slik samordning, og det er grunnlag for å arbeide vidare med dette. I første omgang vert det teke med i framlegget til vedtak at kommunen skal bidra til ei samordning med nabokommunane.

Vurdering:

For arbeidet med ny kommunereform i Haram kommune skal dei overordna målsettingane frå Stortinget leggest til grunn og fokus skal vere:

Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane

Heilskapeleg og samrodna samfunnsutvikling

Berekraftige og økonomisk robuste kommunar – styrking av regionen

Sterkt lokaldemokrati

Skisse for framdriftsplan for Haram kommune:

Fase 1 – Oppstartsfasen (ferdig innan 31.12.2014):

Kommunestyret behandlar sak i møte 18.12.14 om korleis vi skal arbeide med reforma, framdrift og organisering av arbeidet.

Fase 2 – Utreiings- og dialogfase/forhandlingsfase (ferdig innan 31.12.2015):

Interne prosessar, dvs lokale drøftingar/prosessar innad i kommunen for å sikre eit godt grunnlag for å ta ei avgjerd sett i lys av dei måla som er vedtekne av Stortinget.

Samordning av prosessane med aktuelle nabokommunar

Statusrapport til politisk behandling i juni i 2015. Denne er basert på status for arbeidet så langt, og vert grunnlaget for undervegsrapportering til fylkesmannen innan 01.07.15.

Involvering av nytt formannskap og kommunestyre, fokus på på folkevaldopplæring med særskilt vekt på kommunereform.

Dialog og forhandlingar med aktuelle kommunar om ev. samanslåing.

Fase 3 Høyrings- og avgjerdsfase (ferdig innan 01.07.2016):

Oppsummering av prosessen, tilråding av konkrete framlegg, politisk behandling og politisk avgjerd om vidare prosess inkl. spørsmål om lokal høyring.

Tidleg i 2016 ha gjennomført ev. spørreundersøking eller folkerøysting blant innbyggjarane i Haram.

Innan fristen 01.07.16 ha behandla endeleg sak om ev. samanslåing,

Skisse for organisering av det lokale arbeidet:

Det realistiske for kommunen er å vedta å følgje «løp2» med lokalt vedtak om ev samanslåing innan 01.07.2016.

Haram kommune bør følgje opp initiativet frå rådmannen vidare, og søke å samordne milepæler med felles beslutningspunkt/vurderingspunkt så langt det er mogleg med aktuelle nabokommunar. Utan ei slik samordning kan det bli vanskeleg å få system på naudsynnte dialoger med aktuelle kommunar.

Formannskapet vert oppnemnt som styringsgruppe og skal ha ansvaret for gjennomføring av dei lokale prosessane i Haram kommune. Styringsgruppa skal fotrløpande rapportere til kommunestyret og involvere kommunestyret når det er naturleg, med td. temamøte etc.

I arbeidet med kommunereforma skal det leggest til grunn:

Aktiv informasjon ut til innbyggjarane – gjennom bruk av kommunen si heimeside og facebookside. Samarbeid med lokale media. Det skal takast stilling til og gjennomførast spørreundersøking eller ei folkerøysting i tråd med inndelingslova.

Involvere og innhente synspunkt og råd frå aktuelle utval og instansar i kommunen, inkl. tilsette og tillitsvalde i kommunen. Ungdomsrådet skal høyrast.

Invitere næringslivet i kommunen til eit samarbeid i høve kommunereformarbeidet. Involvere Haram nærings- og innovasjonsforum.

Rådmann

Elin A. Moen
seksjonsansvarleg